

**DEN NORSKE KIRKE**  
**Kvam sokneråd, Nord-Fron**  
Kyrkjekontoret i Nord-Fron,  
2640 Vinstra

dek 253

Kultur- og kirkedep.
id
Saksnr. 200800738 Dato 2.9.08
Kode...-501...Beh...

**”STYRKET DEMOKRATI I DEN NORSKE KYRKJA”**  
**HØYRINGS – SVAR FRÅ KVAM SOKNERÅD,**  
**NORDGUDBRANDSDAL PROSTI, HAMAR BISPEDØME.**

Kvam sokneråd har gått igjennom arbeidsgruppa si innstilling, særleg det fyrste kapitlet, og kjem med følgjande høyringssvar:

Vi deler arbeidsgruppa sitt ynskje om større deltaking ved soknerådval.  
Det er vår grunnleggjande haldning.

Vi har i eige sokn hatt val samstundes med offentleg val, og fått mangedobla valdeltaking, så det ser vi på som ein god måte å organisere soknerådvalet på, tidsmessig.  
Vi nytta også lokale attmed det lokalet som vart nytta til offentleg val, med god erfaring.

Tidspunkt for val, opningstider og høve til førehandsstemming har vi organisert liksom dei offentlege vala, så dette er òg med i våre gode erfaringar, og eit punkt vi støttar i arbeidsgruppa sitt framlegg.

Senking av stemmerettsalder til religiøs myndigheitsalder – 15 år – kan vi også støtte. Om desse ungdomane også kan velgast, ser vi at det må gjerast juridiske utgreiingar på, men prinsipielt bør det vel vere slik at kan ein ta sitt ansvar ved å gje si stemme, så bør det same ansvar kunne utøvast som medlem i soknerådet. Men her er vi meir usikre!


Den same usikkerheita har vi til økonomien rundt valet: Pengar må kome til sokneråda utanfra, om vi skal kunne tilby dei godene som det vert peika på i framlegget.

Direkte val – til denne forma for val – seier vi bare at vi er viljuge til å vere med i ein utprøvningsfase, så får erfaringane der peike ut vegen vidare.

Adgang til stemmerett i anna sokn enn det ein er busett i – dette er lite aktuelt hjå oss på landsbygda, følgjeleg noko vi ikkje er særleg opptekne av, og ikkje har sterke meiningar om, sjølv om vi skjønar at dette kan sjå annleis ut i ein storby.

Kapittel 7 om styrking av prosessen rundt utvelging av prostar og biskopar, er eit ynskje vi støttar. Og for oss er dette ein logisk prosess når ein talar om auka demokrati i kyrkja.

Til slutt: Reformane som vert antyda og som skal prøvast ut, er heilt avhengig av at økonomien vert sikra frå sentralt hald.

For Kvam sokneråd  
  
Jens Petter Ous  
Sekretær i rådet